



BESTEFØRELDRENE KLIMAAKSJON
c/o Halfdan Wiik
Øvre Kyvik 94
5414 STORD

Dato: 25.02.2016
Vår ref.: 2015/11975-41
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Søknad om "Tilskot til miljøorganisasjonar i Hordaland" - Besteforeldrenes KlimaAksjon Hordaland

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til organisasjonar datert 12.2.2016. De søkte om kr. 5.000,-. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver kr 5.000,- til Besteforeldrenes KlimaAksjon Hordaland frå budsjettet Tilskot til miljøorganisasjonar 2016.

Beløpet blir overført til kontonummer: **1254 62 13240**

1. GRUNNLAG

Ut frå formuleringane i søknaden, legg vi til grunn desse momenta:

Overordna mål:

Motverke menneskeskapt global oppvarming og bidra til auka medvit om konsekvensane av eigne val og handlingar med omsyn til klimautfordringane.

2. ORGANISERING:

Kontaktperson: Thelma Kraft

3. VILKÅR FOR TILSKOTET

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Rapportering

Tilsegnsmottakar skal sende rapport til Hordaland fylkeskommune innan 15. februar 2017.

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De fekk melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er

klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

4. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for søknaden er Karen Louise Nybø, som de kan kontakte på tlf. 55 23 93 18 eller e-post: Karen.Louise.Nybo@hfk.no.

Hordaland fylkeskommune ynskjer lykke til med aktiviteten i 2016!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sundbø
Klima- og naturressurssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Akseptskjema
- 2 Rekneskapsskjema